

KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2011

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

Prosjektnamn

Pasientforløp for hjerneslagpasientar som treng oppfølging av spesialisthelsetenesta og i kommunen etter akuttfasen

Prosjekteigar (helseforetak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Førde / medisinsk klinikk / Klinikkdirktør Olav Hesjedal

Prosjektleder (kontaktperson)

Avdelingssjef Signe Nordvik ANRR

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

I tråd med Nasjonale faglege retningslinjer for behandling og rehabilitering ved hjerneslag (2010) ynskjer vi å gje lik og god kvalitet til slagpasientar i Sogn og Fjordane.

Hjerneslag er og eit satsingsområde i den nasjonale pasienttryggleikskampanjen *I trygge bender*.

Neurologisk avdelingar hadde i 2008 eit forbetningsprosjekt om akuttbehandling og tidleg rehabilitering, og vi ynskjer no å vidareføre dette til å gjelde rehabilitering i spesialist-helsetenesta og vidare oppfølging i/med kommunen.

I samband med utskriving frå sjukehus etter eit hjerneslag skal det sikrast at all relevant informasjon om pasienten, planer for vidare rehabilitering og oppfølging er på plass, og at neste ledd i behandlingsskjeda er klar til å overta. Det er og viktig å sikre god samhandling og samarbeid mellom helseforetak og kommunehelsetenesta rundt denne pasientgruppa.

Mål for prosjektet

Mål

Betre pasientforløp for slagpasientar som treng oppfølging av spesialisthelsetenesta og i kommunen etter akuttfasen.

Delmål:

- Tidlegare kontakt med kommunen
- Sikre ei god overføring av pasient mellom omsorgsnivåa
- Tverrfaglege primærteam rundt pasienten, som kan reise ut i kommunen der pasienten er.
- Sette mål og lage plan for rehabiliteringa i samarbeid med pasienten/pårørande, og saman med kommunehelsetenesta.
- Invitere pleie- og omsorgspersonell i kommunen til å hospiterer hos oss.
- Redusere tal liggedøgn i sjukehuset

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Prosjektet nyttar Forbetningsprogrammet sin metode

Evaluering av effekt:

- Liggedøgn for slagpasientar kan vere eit måleparameter. Pasientar skal ikkje vere unødig lenge på sjukehuset. Ei god planlegging av oppfølginga ved å nytte t.d slagpoliklinikk eller nært samarbeid med kommunen kan gje reduserte liggedøgn.

- Enkle brukarundersøkingar før og etter kan gje indikasjon på måloppnåing. Pasientane skal oppleve gode tenester, lik behandling og rett omsorgnivå og oppfølging etter sjukehusopphaldet.
- Leiarar og andre tilsette skal oppleve gode prosessar, ha kunnskap om rutiner og prosedyrer, og nytte dei. Undersøkingar blant tilsette før og etter om bruken av rutinane og opplevd tilfredsheit kan gje ein indikasjon på måloppnåinga.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m. v.)

Prosjektet gjeld alle aktuelle avdelingar /sjukehus i Helse Førde og vil inkludere alle kommunane i Sogn og Fjordane

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Det er eit viktig område når det gjeld pasientflyt og med tanke på realisering av samhandlingsreforma. Andre regionar vil kunne lære av dette prosjektet.

Det er overføringsverdi til andre pasientgrupper i Helse Førde som treng oppfølging både av spesialisthelsetenesta og i kommunen.

Resultat og kunnskap frå prosjektet kan presenterast på fagdagar internt eller i kommunal regi, og på konferansar.

Oppstarttidspunkt (planlagt)
August 2011

Sluttidspunkt (planlagt)
Haust 2012